

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/6441-1

Forvaltningsrevisjon 2010 - Vedtaksoppfølging - oppfølging av prosjektet

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet Vedtaksoppfølging og dermed vedtaket i FT-sak 19/10 er fullført.
2. Kontrollutvalet rapporterer status til fylkestinget gjennom utvalet si årsmelding 2014.

Vedlegg:

- Rutine for politiske vedtak og avviksrapportering – kopi frå portalen

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Årsrapport 2013 – Sogn og Fjordane fylkeskommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging vart gjennomført i 2010, og fylkestinget vedtok 08.06.2010 i FT-sak 19/10 følgjande:

1. Fylkestinget tek rapporten "Forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging" til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
 - a. Syte for å etablere oversikt over vedtak som er fatta i politiske organ, med referanse til status for gjennomføring/effektivering.
 - b. I større grad utarbeide skriftlege rutinar for arbeidet med iverksetting, gjennomføring og oppfølging av politiske vedtak.
 - c. Syte for å utarbeide skriftlege rutinar for rapportering om politiske saker frå administrasjonen til politisk nivå.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet har ved fleire høve vorte orientert om framdrift i oppfølging av saka. I notat frå fylkesrådmannen til kontrollutvalet datert 23.11.2010 stod følgjande:

Ft-sak 19/10: Vedtaksoppfølging

Bakgrunn

I fylkestingsak 19/10 bad fylkestinget fylkesrådmannen å følgje opp forslaga til tiltak i kapittel 6 i rapporten til Deloitte. Dette skulle gjerast på bakgrunn av ei risiko – og vesentlegheitsvurdering.

I rapporten til Deloitte er følgjande forslag til tiltak:

“Sogn og Fjordane fylkeskommune bør:

1. ... syte for å etablere oversikt over vedtak som er fatta i politiske organ, med referanse til status for gjennomføring/effektivering.
2. ... i større grad utarbeide skriftlege rutinar for arbeidet med iverksetting, gjennomføring og oppfølging av politiske vedtak.
3. ... vurdere å utarbeide skriftlege rutinar for rapportering om politiske saker frå administrasjonen til politisk nivå.”

Tiltak

Fylkesrådmannen uttalte i høyringsnotatet til rapporten til Deloitte at ein kan vurdere nærare om ein skal innføre rutinar om rapportering til hovudutvala, fylkesutvalet og fylkestinget i samband med tertialrapporteringa. Fylkesrådmannen sitt forslag er at ein rapporterar om avvik i høve til gjennomføring av vedtak i viktige saker for den aktuelle perioden. Ei meir samla avviksrapportering kan skje i tilknytning til årsmeldingane og årsrapporten.

Fylkesrådmannen er i gong med å lage rutinar i høve til dette.

Vidare når det gjeld forslaga til tiltak i rapporten, er fylkesrådmannen i gong med å etablere skriftlege rutinar for iverksetting, gjennomføring og oppfølging av vedtak. Her vil prinsippet om fullført sakshandsaming stå sentralt. Elles vil ein sjå på kva som er føremålsteneleg i høve til effektiv ressursbruk.

Kontrollutvalet tok orienteringa som fylkesrådmannen ga i KU-sak 41/10 på bakgrunn av innhaldet i notatet til vitande.

Kontrollutvalet vart orientert om status på nytt 11.05.2011 i KU-sak 21/11. I vedtaket av saka stod mellom anna følgjande:

Oppfølginga av Vedtaksoppfølgingsprosjektet er godt i gang og fylkesrådmannen reknar med at rapportering av vedtak vil følgje nye rutinar frå og med fylkestinget i oktober. Orienteringa til fylkesrådmannen vart teken til vitande.

Oppfølging av prosjektet har i ettertid vore tema på fleire status-møte mellom sekretariatet og fylkesrådmannen. Det vart i 2011 sett i verk nye rutinar for oppfølging av vedtak, etter eit oppsett for rutinar som i dag ligg på portalen (sjå vedlegg).

I statusmøte 12.02.2013 mellom sekretariatet og fylkesrådmannen (v/Øhlckers) vart det vist til e-post frå fylkesrådmannen (Bremer) i saka. Det går fram av eposten at saka er følgt opp, men at rapporteringa til kontrollutvalet er blitt utelatt. I årsrapporten 2012 står det at frå 2013 vil avviksorientering skje som del av årsrapporten til fylkestinget og hovudutvala.

I årsrapporten for 2013 er avviksrapportering på plass, og vi kan lese på side 74:

OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK OG AVVIKSRAPPORTERING

Det er etablert slike rutinar for rapportering av avvik i høve gjennomføring av politiske vedtak:

- Samla avviksrapportering vert årleg gjort slik:
 - o Fylkesrådmannen rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av fylkesutvalet og fylkestinget i årsrapporten
 - o Fylkesdirektørane rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av hovudutvala i årsmeldingane

Etter at årsmeldingane for hovudutvala er avvikla, vil ein for dette året gje ei samla avviksrapportering her:

1. Utover det som er rapportert i avsnittet over om status for forvaltningsrevisjonssaker, er det ikkje registrert avvik av betydning i vedtak gjort av fylkesutvalet og fylkestinget i 2013. Fylkestinget vedtok i sak 6/12, at fylkeskommunen skal lage ei filmmelding for Sogn og Fjordane innan 2014. Dette tiltaket er ikkje sett i verk i påvente av ei filmmelding for Vestlandet.

- 2. Fylkesdirektørane har ikkje meldt om avvik av betydning i vedtak gjort dei respektive hovudutval i 2013.*

Med dei rutinane som er utarbeidd for vedtaksoppfølging og den avviksrapporteringa som er å finne i årsrapporten for 2013 er dette forvaltningsrevisjonsprosjektet ferdig oppfølgt.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen har utarbeidd rutinar for oppfølging av vedtak og vist avviksrapportering i årsrapporten for 2013. Kontrollsjefen vil på bakgrunn av dette rå til at kontrollutvalet vedtek at oppfølginga vedtaket i FT-sak 19/10 er fullført.